

Johndoe

11. oktober 2003 · Haavebua



111003-Johndoe

2003

11. OKTOBER

HAAVEBUA

Frå arkivet

Trøbbelrockarane gav alt på Haavebua

FLORØ: Johndoe gav alt på Haavebua laurdag, og publikum fekk oppleve rastlaus og svett rock'n'roll. At publikum svikta la ingen dempar på innsatsen.

STERK INNSATS: Johndoe gav bønn gass på Haavbua. (Foto: Linda Regina Bruvik)

Gutane er kjempebra live, og leverer eit eintimes sveitt, energisk og småpunka sceneshow med ekte, rein, rå og fengjande rock'n'roll. Med songar som "24 timer", "Gi gass" og "Rastløs rock'n'roll" frå debutskiva leverer dei det publikum vil ha og meir til. Johndoe har allereie opparbeidd seg ein solid fanskare etter å ha turnert Norge rundt og delteke på fleire sommarfestivalar, i tillegg til at dei etter å ha sleppt debutskiva si, Ja takk til trøbbel, er musikkritikarane sine nye yndlingar. Sjølv om det var tynt med folk framfor scena, så var det ein del ihuga fans til stade, som kunne alle tekstane og som gav bandet på scena meir energi gjennom å synge og rocke med.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 63.